

NotatDato: 27.08.2018
Arkivsak: 2015/5147-25
Saksbehandlar: torklin

Til: Håkon Rasmussen

Frå: Torill Klinker

Referat frå møte med Masfjorden 24.08.2018**Ti i stades**

Ordførar Karstein Totland og rådmann Svein Helge Hofslundsengen, Masfjorden kommune.
Håkon Rasmussen, Torill Klinker, Matti Torgersen, Nils Egil Vetlesand og Ingvar Skeie, HFK.

Bakgrunn

Masfjorden kommune ynskte eit møte med HFK om status for Masfjordbrua i forkant av besøk frå Hordalandsbenken / Stortinget den 4. september.

Saka

Masfjorden kommune har regulert og fått gjennomført KS2 av prosjektet Masfjordbru. Det er sendt inn søknad om ferjeavløysingsmidlar og søknad om bompengefinansiering av prosjektet. Søknadane er ikkje handsama av departementa. Masfjorden ynskjer fortgang i saka, og førebur eit møte med Hordalandsbenken. Partane diskuterte den finansielle situasjonen i prosjektet opp mot fylkestingsvedtaket, der det melolom anna heiter at:

Fv570 Masfjordsambandet/Masfjordbrua må fullfinansierast av ferjeavløysingsmidlar inkludert statleg finansiering av kapitalkostnader, bompengar og kommunale tilskott.

Vidare framdrift

HFK vil purra departementet og etterspør avgjerd i saka om ferjeavløysingsmidlar.

HFK vil i dialog med SVV purra departementet angående handsaming av bompengesøknad.

Masfjorden sender oppdaterte kostnadstal (frå Atkins) til HFK for gjennomsyn.

HFK gjev rask attendemelding på tala til Masfjorden.

Dersom ein finn at kostnadane i sin heilheit vert dekkja av ferjeavløysingsmidlar vil HFK kunna støtta Masfjorden kommune i å leggja fram saka for Hordalandsbenken den 4. september.

Torill Klinker
(referent)